



Fedje kommune
Adm.bygg
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Fedje kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Fedje kommunestyre har i møtet 09.12.2021, sak 102/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Det er positive små netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen legg også i år opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivå. Utfordringsbildet ligg i demografi og nedgang i folketalet, som fører til reduserte inntekter.

Det er positivt at det er med tenestemål både for budsjettåret og for økonomiplanperioden for alle dei ulike tenestene.

Vi minner om at kommunelova § 14-2 pålegg kommunestyret å vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden, og ber dykk følgje opp dette i neste års budsjett.



Budsjett 2022

Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 446 000 kroner, som tilsvarar 0,57 prosent av brutto driftsinntekter. Driftsresultatet skal overførast til investering. Resultatet ligg godt under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Kommunen fekk eit netto driftsresultat for 2021 på minus 1,2 mill. kroner, som tilsvarar minus 1,4 prosent av inntektene. Snittet på netto driftsresultat for landet utgjorde 4,2 prosent.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) ligg litt høgare enn det prognosemodellen til KS viser etter saldert budsjett og oppdaterte skattetal. Folketalet har gått ned siste året med 4,38 prosent, som tilsvarar 23 personar.

Disposisjonsfond utgjorde 8,8 mill. kroner ved utgangen av 2021. Dette tilsvarar 10,4 prosent av brutto inntekter, og ligg over det anbefalte nivået frå TBU. Snittet for landet utgjorde 13,7 prosent.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjer 4,9 mill. kroner. Dei største investeringane er kjøp av tomt og arbeid knytt til nytt helsetun, og til turløype. Investeringane skal finansierast med nytt låneopptak på 2 mill. kroner, i tillegg til kompensasjon for meirverdiavgift.

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2023–25 viser små mindreforbruk i alle år. 222 000 kroner i 2023 (0,28 %), 482 000 kroner i 2024 (0,59 %) og 708 000 kroner i 2025 (0,85 %). Overskota er planlagt overført til investering.

Ved utgangen av 2021 utgjorde den langsiktige gjelda 55,3 mill. kroner. Dette utgjer 65 % av brutto driftsinntekter. Snittet for landet utgjorde 114,9 prosent.

Det er ikkje vedteke fleire låneopptak i løpet av planperioden.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Vi kan ikkje sjå at kommunestyret har vedteke handlingsreglar/finansielle måltal for inneverande økonomiplanperiode.

Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen legg også i år opp til stramme budsjett for perioden, for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivået som budsjettåret.

Vi minner på nytt om at kommunelova § 14-2 pålegg kommunestyret å vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunens økonomi for heile perioden. Dette gjeld spesielt for netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Vi ser utfordringane dykkar knytt opp til folketal, og at det er vanskeleg å setje mål ut frå dette. Vi ber likevel om at de skriv noko om finansielle måltal i neste års budsjett. Folketalsutvikling og demografi er elles godt belyst.



I forskrift for økonomiplan og budsjett går det fram at dei obligatoriske oppstillingane skal visast for heile økonomiplanperioden. Skjema etter § 5-7 i forskrifta, som viser utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar, må utarbeidast og takast med i dokumentet.

Dokumenta er elles oversiktlege, og inneheld god orientering av tenesteområda. Det er positivt at det er med tenestemål både for budsjettåret og for økonomiplanperioden for alle dei ulike tenestene.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin K. Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent